



Planinitiativ

for **Gnr. 108 bnr. 627 m.fl., Lindås - Alver kommune**

Planområdet ligg på Lindås, som er eit lokalsenter nord i Alver kommune. Området ligg like ved Lindås nærsenter og Lindås kyrkje.



Figur 1. Flyfoto Lindås sentrum. Planområdet er vist med gul ellipse.



Figur 2. Oversiktskart Lindås sentrum. Planområdet er vist med rød ellipse.

Opplysningar om fagkyndig/plankonsulent

Firma: ABO Plan & Arkitektur AS
Kontaktperson: Merete Lunde
E-post: merete@abo-ark.no
Telefon: 952 25 558

Opplysningar om forslagsstillar

Firma: Alver kommune, avdeling for Utbygging og avtalar
Kontaktperson: Berit M. Eskeland
E-post: berit.eskeland@alver.kommune.no
Telefon: 966 25 536

Opplysningar om heimelshavar

Gnr/bnr: 108/161, 380, 401, 627	Alver Tomteselskap AS
Gnr/bnr 108/36	Alver kommune
Gnr/bnr 108/383	Seljelid Rørleggerfirma AS
Gnr/bnr 108/586	Alver kyrkjelege fellesråd

Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)

- Kva er bakgrunn og formålet med planen?


Formålet er å få utarbeidd ein detaljreguleringsplan for utviding av Lindås gravplass i Alver kommune. Det skal vere spesielt fokus på å sikre gjennomførbar tilkomstveg til gravplassen.

Alver kommune ved avdeling for Utbygging og avtalar er oppdragsgjevar for arbeidet.

Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

- Kva er forholdet til kommuneplanens arealdel, ev. gjeldande reguleringsplanar og retningsliner, og ev. pågåande planarbeid i influensområdet?

Området er avsett til grav- og urnelund, bustad og grøntareal i gjeldande kommunedelplan for Lindås 2019- 2031, PlanID 1263-201805.




Figur 3. Gjeldande kommunedelplan for Lindås 2019 - 2031.

Det er to reguleringsplanar i området.

- **Reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad. PlanID 1263-199001**


I denne planen er området regulert til utvida grav- og urnelund, bustad og næring.




Figur 4. Reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad.

- **Detaljregulering for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planID 1263-201407**

I denne planen er delar av området regulert til grav- og urnelund og blågrøn struktur. (Arealet til blågrøn struktur var regulert til næring i førre plan - planID 1263-199001) I denne planen som nyleg vart vedtatt (klage er ennå ikkje avgjort), kjem planlagt ny tilkomstveg til gravplassen på gnr/bnr 108/161 i konflikt med regulert ny plassering av busstopp og planen regulerer ikkje ny tilkomst til gravplassen. Slik vi har fått opplyst kom innspelet om avkjøring til gravplassen så seint i planprosessen at fylkeskommunen ikkje ønska å ta den med.



Figur 5. Detaljregulering for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad



Figur 6. Utsnitt av planID 1263-201407. Forslag til planområde er vist med raud ellipse.


- Er formålet i samsvar med overordna plan?

Ja.

Planområdet og omgjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b)

- Planavgrønsing, forslag.

Det er føreslått ei plangrense som tek med seg eksisterande gravplass og som inkluderer dei kommunale vegane Fonnebostvegen og Kolåsvegen, og grensar mot fylkesvegen., jf. fig. 7 under.




Figur 7. Forslag til plangrense. (ikkje i målestokk)

- Skildring av planområdet.

Planområdet er ca. 44 daa. I austlege del av planområdet ligg dagens gravplass. Det ligg restar av eit forlate småbruk igjen, medan resten av arealet ligg som grøntareal med open mark/myr og lauvskog.

Kommunen og Alver tomteselskap eig størstedelen av planområdet som gnr/bnr 108/36, 161, 380, 401 og 627. Gnr/bnr 108/383 er i privat eige. Eksisterande gravplass gnr/bnr 108/586 er eigd av Alver kyrkjelege fellesråd.




Figur 8. Eigedomskart.

Eksisterende gravplass ligg på eit flatt område innanfor planområdet. Frå gravplassen stig terrenget opp mot Fv. 57 i sør. Nordvest for gravplassen ligg ei kolle. Frå denne er det bratt skjering ned mot Kolåsvegen i nordaust.

- Skildring av nærområdet.

Planområdet grensar til Lindås nærsenter i nord og Kolås bustadfelt i nordvest. På andre sida av fylkesveg 57 ligg Lindås kyrkje i søraust og Westland hotel i sørvest. Planområdet har veg på alle sider; Fonnebostvegen i aust, Kolåsvegen i nord og vest og fylkesveg 57 Lindåsvegen i sør.




Figur 9. Flyfoto, Googlemaps.com

- Stadanalyse, kart med skildring.
- Sjå eige vedlegg.**

Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)

- Skildring av planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak.
Stikkord: bustadtype, utbyggingsvolum, utnyttingsgrad, byggehøgder

Akasia har på vegne av Alver kommune og Alver kyrkjelege fellesråd teikna opp ein illustrasjonsplan for utforming av den utvida gravplassen. Den har 186 urnegravar og 307 kistegravar, samt parkeringsplass og driftsbygg. Tilkomst er vist frå Kolåsvegen.



Figur 10. Illustrasjonsplan, Akasia.

- Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.
Stikkord: Arkitektur/estetikk, material, grønstruktur, leikeareal, universell utforming, tilkomst, parkering, søppelhandtering, energiløysing, kulturminne-/miljø, biologisk mangfald, blågrøn struktur mv.

Tilkomst og parkering

I illustrasjonsplanen til Akasia er innkøring til planområdet vist frå Kolåsvegen. I reguleringsplan for Fv. 57 for gang- og sykkelveg, kjem tidlegare avsett avkøyrse til gravplassområdet (gnr/bnr 108/161) i konflikt med regulert ny plassering av busstopp og det er ikkje regulert ny tilkomst til gravplassen. I illustrasjonsplanen har Akasia derfor illustrert ny avkøyrse og tilkomstveg like aust for avsett areal. Det inneber at tilkomstvegen kjem inn på privat naboeigedom gnr/bnr 108/383.

Avklaring av avkøyrse til gravplassen vert difor eit viktig tema i dette planarbeidet.
Sjå eige vedlagte Notat om vurdering av tilkomstveg til gravplassen.

Det er tidlegare søkt om dispensasjon om tilkomstveg til utvida gravplass via Fonnebostvegen, men denne vart ikkje godkjent då traséen kjem i konflikt med omsynssone for den Trondhjemske postveg og ikkje vil få tilfredsstillande siktforhold.


Parkering, driftsbygg og driftsplass er tenkt plassert vest i utvida grav- og urne-område.

Gang- og prosesjonsveg

Illustrasjonsplanen viser også ny gang- og prosesjonsveg frå utvida gravplassområde og opp til ny undergang. I reguleringsplanen for gang- og sykkelveg langs Fv. 57 er det regulert separat fortau og sykkelveg og det er regulert ny undergang like nordvest for dagens undergang. Planforslaget må vise ny påkopling til regulert separat gang- og sykkelveg. Det bør og avklarast om breidda på gangarealet på gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen er breidt nok for prosesjonsveg, no når det er regulert separat sykkelveg og gangareal.


Naturmangfald

Det er ikkje gjort funn av freda artar innanfor planområdet, men nordvest i området er det registrert Parkslirekne som er ein framandart.



Figur 11. Utsnitt frå Artsdatabanken.


Det er myr innanfor delar av planområdet og lauvskog av særst høg bonitet.



Figur 12. Arealtype. Vestre del av planområdet er registrert med myr. (Kilden.nibio.no)

Kulturminne.


Den Trondhjemske postveg gjennom Lindås sentrum går parallelt med Fonnebostvegen, innanfor planområdet. Postvegen kryssar tvers over eksisterande gravfelt. Vegen er bygd på slutten av 1700-talet og er den første veg det offentlege bygde mellom Bergen og Trondheim. Mykje av vegen vart lagt over tidlegare bygde- og allfarvegar. Vegen har nasjonal verdi som kulturminne.



Figur 13. Figurane viser trasé for den Trondhjemske postveg gjennom Lindås.

Rett utanfor planområdet ligg Lindås kyrkjestad. Dagens kyrkje vart bygd i 1865. Prestegarden ligg like ved. Den tidlegare middelalderkyrkja var bygd i stein, truleg på 1100 talet. Denne bygningen vart ståande til noverande kyrkje var reist. Steinkyrkja stod nokre meter aust for dagens kyrkje. Gravplassen frå middelalderen må ha lege nord, aust og sør for steinkyrkja, og den er delvis avgrensa med ein kraftig steingard. Etter 1865 vart heile dette areal tatt i bruk til gravlegging.

Det er to SEFRAK bygg innanfor planområdet. I nordvest er det registrert ein potetkjellar frå før 1900. I nord står det eit våningshus frå 3. kvartal på 1800- talet.



Figur 14. Kulturminne (miljostatus.no)

Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

- Gitt skildringa av plan- og nærområdet, samt stadanalysen, korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?
Stikkord: terrenginngrep/-tilpassing, silhuetteffekt, framføring av veg, overvatn, evt. viktige landskapselement, erstatningsareal

Utviding av gravplass og ny avkjørsel vil føre til noko terrenginngrep og handtering av overvatn. Mykje av arealet mot veg i nord og sør vil ikkje verta berørt av tiltaket, og tiltaket vil ikkje gje silhuetteffekt.

- Får planarbeidet verknader utanfor planområdet?

Tiltaket vil ha svært lite å sei for området utanfor planområdet, då dette er ei utviding av allereie eksisterande gravplass.

Samfunnssikkerheit (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

- Korleis skal samfunnssikkerheita ivaretakast i planarbeidet, m.a. gjennom å førebyggje risiko og sårbarheit?

Det skal, som ein del av planprosessen, utarbeidast VA rammepplan, ROS analyse, enkel trafikkvurdering og det skal takast omsyn til blågrøne strukturar. Det er ikkje skredfare eller brann-/eksplosjonsfare innanfor området.

Varsling (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j)

- Er det vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet?

Myr, grøntareal, kulturminne

- Kva offentlege instansar og andre interesserte skal varslast ved oppstart?

Ved oppstart av planarbeidet vert det sendt varselbrev til naboar, kommunale einingar, kyrkjeleg felle råd/lokal gravplassmynde, Skyss og regionale mynde, som Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen (vegeigar for postvegen) og Statsforvaltaren i Vestland. I tillegg må Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark varslast, då det er dei som gjev uttale etter Gravplassforskriften § 2.1.

Medverknad og samarbeid (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

- Skildre prosesser for samarbeid og medverknad for å involvere aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre partar i planarbeidet.

Dersom det viser seg nødvendig vil det verta halde folkemøte etter oppstart. Det vil vere aktuelt å ha dialogmøte med lokal gravplassmynde, kulturmynde, vegmynde og Skyss.

Vurdering av om planen vert omfatta av [forskrift om konsekvensutredningar](#) (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav l)

Under følgjer ei vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar. Planinitiativet er vurdert jf. Forskrift om konsekvensutgreiingar etter følgjande reglar:

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding

Følgjande planar og tiltak skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:

- a) *kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*
- b) *reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- c) *tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.*

Vurdering § 6: Bokstav a) og c) er ikkje relevant å vurdere i denne saken. For bokstav b) er vedlegg I gjennomgått. Tiltaket fell ikkje inn under nokre av tiltaka i vedlegg I.

Planen vil ikkje vere konsekvensutgreiingspliktig etter § 6 i forskrifta.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Følgjande planar og tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding:

- a) *reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne*
- b) *tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven*

Vurdering § 8: Bokstav b) er ikkje relevant i denne saken. For bokstav a) er vedlegg II gjennomgått. Tiltaket fell ikkje inn under nokre av tiltaka i vedlegg II.

Planen vil ikkje vere konsekvensutgreiingspliktig etter § 8 i forskrifta.

Konklusjon om konsekvensutgreiing

Planarbeidet fell ikkje inn under planar og tiltak som krev konsekvensutgreiing, jf. § 6 og 8 i forskrifta.